

Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 7. februar 2022 kl. 13.00-15.00

Stad: Zoom

Til stades: Heming Helland Gujord (undervisningskoordinator), Peter Svare Valeur (allmenn litteraturvitenskap), Koenraad De Smedt (språkvitenskap), Agnete Nesse (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Ulla Kallenbach (teatervitenskap), Matti Wiik (klassisk), Ilka Wunderlich (norsk kursa), Ragnhild Lie Anderson (lektorutdanninga), Ingrid Halland (kunsthistorie), Arnt Robert Leganger, Sofie Bernsen Natås (studentrepresentantar), Signe Nilssen (sekretær)

Observatørar: Frida Bakke Hope, Amund Sørås, Veronica Christensen, Linnea Reitan Jensen, Mona Vervik Uthaug, Helga Ramstad Vatsaas

Ikkje møtt: Daniel Jung

Saksliste

UUI-sak 1/22: Godkjenning av innkalling og saksliste	1
UUI-sak 2/22: Orienteringssaker	1
Orienteringssak 1: Referat frå førre møte.....	1
Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar	2
Orienteringssak 3: Informasjon til tilsette som skal undervise for første gong	3
Orienteringssak 4: Innrapportering av omsyn til personvern	3
UUI-sak: 3/22 Drøftingssaker	3
Drøftingssak 1: Evaluering av mandatet for fagkoordinatorar ved LLE	3
Drøftingssak 2: Oppfølging av bestillingar til fagmiljøa.....	4
Drøftingssak 3: Rutine for innlevering av masteroppgåver	4
UUI-sak 4/22: Ymist.....	4

[UUI-sak 1/22: Godkjenning av innkalling og saksliste](#)

Vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

[UUI-sak 2/22: Orienteringssaker](#)

[Orienteringssak 1: Referat frå førre møte](#)

Vedlagt. Godkjent på sirkulasjon etter førre møte.

Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemene fekk tre minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet.

Sofie: Det går bra no. Dei fleste set pris på at vi er tilbake med fysisk undervisning. Fagutvala har begynt å planlegge ulike ting i løpet av semesteret.

Arnt Robert: Nokre Zoom-forelesingar att på teatervitskap. Det hadde vore fint om vi held fram med digital forelesning for dei som er i smittekarantene. Løyvingane til ekskursjonar og fagutval er auka i budsjettet i år. Vi skal dele nokre forelesingar med allmenn litteratur om Ibsen og Bjørnson frå teatervitskap.

Matti: Eg er ganske nøgd på vegner av faget. Det er bra med studentar både på latin og gresk. Gresk har hatt mindre tilstrøyming, og det har betra seg.

Frode: Vi har fått på plass vikar, og det er bra. Studentane har vendt seg av med å kome på campus, og vil heller delta heimanfrå. Vi har begynt med å eksperimentere med å korkje strøyme eller legge ut undervisning for å få studentane tilbake til campus på eitt kurs. Vi førebur studentane på at ein ikkje vil kunne ta kursa heimanfrå i framtida.

Ragnhild: Vi har begynt att med fysisk undervisning. Studentane og vi er glade for det. Berre fysisk på lektorutdanninga. På NORMAU er det hybrid løysing. Vi har fått på plass ny vikar. Det er kjekt og bra.

Peter: Det går relativt greitt hos oss. Har hatt to avgangar nyleg. Det gjer ressursane litt knappe, men vi har vikar for dette semesteret. Problem med at videonotatet ikkje verka på ei fysisk undervisningsøkt. God tilstrøyming på 100-nivåemna.

Koenraad: Alle ønsker fysisk undervisning i klasserom, men få studentar møter opp. Strøyming har hatt tekniske utfordringar. Vi har nett levert programrapport for dei to studieprogramma. Vi er i gang med å jobbe med studieplanane våre. Vi har mellombels personale for tredje semester på rad. Tyder på at vi er underbemanna.

Ulla: Vi har òg underbemanning, og det byr på utfordringar. Men vi får hjelp frå litteraturvitskap, og med kreativitet i planlegginga går det bra. Vi har fleire studentar enn vi hadde forventa, og det er bra for faget men vanskeleg for ressursituasjonen. Det meste av februar er digitalt grunna pendling for to av dei tilsette.

Ilka: Vi har to nye fast tilsette, og dei var på plass i januar. Vi hadde ei veke med digital undervisning, men var over på fysisk undervisning i februar. Vi er i Eldoradogården utan strøyming. Det er godt mottatt av studentane med få unntak. Vi har hatt litt utfordring med at nokon er sjuke, men det har heldigvis blitt dekt internt. Går bra med fysisk undervisning. Lite fråfall.

Agnete: Vi er i gang med å tilsetje ein ny person til ei stilling i fagterminologi. På dei store kursa våre har studentane kome til fysisk, medan på seminara er det lite oppmøte både fysisk og digitalt. Mange studentar og mykje å ta oss til.

Ingrid: Det går fint. Det er vanskeleg å få studentane inn i ein rutine med å kome til forelesingane. Vi har hatt videonotat i tillegg til fysisk. Det har gått fint. Vi har hatt ein gjennomgang av masterprogrammet vårt og skal sende inn papir til 15. februar. Har hatt møte med fagutvalet i høve fagkritisk dag.

Heming: Eg er for tida fungerande fagkoordinator for norrøn filologi. Der er det drift, men berre vikarar i undervisninga no. Her blir det gitt eit godt tilbod. Men det er utfordringar sidan det er eit lite miljø. Særleg no med avgang og permisjon.

Orienteringssak 3: Informasjon til tilsette som skal undervise for første gong

LLE har laga ei nettside som ressurs til dette formålet. Det er viktig at nytilsette får informasjon og oppfølging i fagmiljøet sitt når dei skal undervise ved UiB for første gong. Det ligg nok ein del taus kunnskap som ikkje alle kjem på å spørje om når dei lurar, og ved nokre utdanningsinstitusjonar i utlandet kan emneansvarleg ha full styringsrett over både innhald og vurderingsformer til dømes.

<https://w3.uib.no/nb/lle/137226/informasjon-til-ansatte-som-skal-undervise-f%C3%B8rste-gang>

Heming orienterte.

Orienteringssak 4: Innrapportering av omsyn til personvern

Ein del master- (og bachelor)studentar vel prosjekt der dei samlar inn data gjennom mellom anna informantar. Slike prosjekt må vi rapportere inn etter særlege rutinar for å sikre at personopplysingar er korrekt handterte. Heming orienterte og viste til UiB sine nettsider for behandling av personopplysingar.

Ragnhild foreslo at nokon kunne kome og halde kurs eller informasjonsmøte om desse tinga. Dette kan vi godt følge opp i UUI.

Koenraad: Det er ikkje berre personvern ein skal tenke på i desse sakene. Vi bør sjå på ein meir heilskapleg plan for handsaming av data. Det må vere ein del av studentanes opplæring.

Arnt Robert: Dette må ikkje bli for komplisert. Studentane må ikkje føle at dei møter ein mur. Jo enklare og meir presise retningslinjene er, jo betre er det.

UUI-sak: 3/22 Drøftingssaker

Drøftingssak 1: Evaluering av mandatet for fagkoordinatorar ved LLE

https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/fagkoordinator_lle_mandat.pdf

Mandatet for fagkoordinatorane blei innført i 2021. No skal mandatet evaluerast. Heming innleidde og gikk gjennom hovudpunkta i mandatet.

Det blei ein diskusjon om termen «fagkoordinator» versus «programstyreleiar». I *Systembeskrivelsen* er det «programstyreleiar» det blir referert til, men på dei nordiske disiplinane er det fleire fagkoordinatorar som høyrer inn under eitt programstyre. Her er det viktig å oppretthalde arbeidsfordelinga for dei ulike disiplinane.

Vidare bør det presiserast i mandatet at fagkoordinator har ei koordinerende rolle ikkje berre ved mellombelse tilsettingar, men òg ved faste.

Elles framstår mandatet som klart og presist, og det synleggjer oppgåvene som ligg til vervet.

Drøftingssak 2: Oppfølging av bestillingar til fagmiljøa

Fagmiljøa har fått ulike bestillingar frå instituttleiinga. Korleis har desse blitt følgt opp? Vi har hatt dialogmøte med nokre fagmiljø, og planlegg møte med fleire no utover våren. Heming innleidde.

Fagmiljøa gjer sitt beste for å følgje opp bestillingane.

Drøftingssak 3: Rutine for innlevering av masteroppgåver

Vi bør få på plass ein rutine for innlevering av masteroppgåver. Mellom anna må rettleiar stadfeste at dei er kjende med at kandidaten skal levere inn. Slik kan vi kanskje unngå at kandidatane får dårleg resultat eller stryk grunna innlevering som ikkje er kvalitetssikra. Heming innleidde.

Leiinga og administrasjonen vil følgje opp dette.

UUI-sak 4/22: Ymist

Fråvære frå undervisning for å delta i møte i UUI, IR og programstyre.

Arnt Robert stilte spørsmål om korleis ein skal løyse utfordringar når obligatorisk undervisning kolliderer med møte der studentrepresentantar skal delta.

Dersom dette blir eit gjentakande problem, kan ein sende vara. Vidare er det alltid slingringsmann med kor mykje ein faktisk kan vere vekke frå undervisninga utan å miste eksamensrett. Om ein ikkje får høve til å sende vara og elles er i ferd med å ha større fråvære enn tillate, må ein kontakte undervisningsleiinga for å diskutere kva ein kan få til, og fagmiljøet vil bli bedne om å ta omsyn til studentpolitiske verv så langt som råd er utan at det går ut over læringsutbyttet i emnet.